

Er det nokon som saknar pusen sin?

18.10.2014



Uskedalen.no har fått melding om at denne fine pusen på bildet, har opphalde seg i Halsabrotet i fleire dagar, og det er tydeleg at den saknar eigaren sin. Den har vore i nærleiken av huset til Monica Storevik og Frode Myklebust. Den er svært kosete og svolten og vil svært gjerne inn.

Vi håper eigaren ser denne etterlysinga slik at pusen snart er heime att. Eigaren kan ta kontakt med Monica Storevik, mob. 930 39 091, for ytterlegare opplysningar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Monica Storevik